

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 07.02.2017
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven
SAKA GJELD: "Pasientens helseteneste - Helse Førde" - status

ARKIVSAK: 2014/4251
STYRESAK: 012/2017

STYREMØTE: 17.02.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om status i arbeidet med pasientens helseteneste til vitande.

Oppsummering

Styret skal haldast løpande orientert om framdrift og organisering, og ta stilling til spørsmål av strategisk karakter. Syner til førre orientering i styresak 04016 den 06.06.2016.

Saka inneheld status for utviklingsarbeidet med «Pasientens helseteneste» i Helse Førde - status for programmet og igangsette og planlagde prosjekt, på eit overordna nivå.

Programorganisering er etablert og nokre av dei planlagde prosjekta er igang. Programmet er krevjande, involverer heile føretaket, og det er på dei fleste område stor grad av kompleksitet. I tillegg heng arbeidet med tenesteutvikling heng saman med fristane til forprosjekt Førde sjukehus. Arbeidet vert kobla tett til økonomisk langtidsplan, og skjer i nært samarbeid med Sykehusbygg.

Fakta

Hausten 2016 har det vorte arbeidd med å få på plass deltakarar og etablere prosjekt. Fleire prosjekt er starta opp, andre er under planlegging. Det er etablert grunnlag for å starte opp forprosjekt for arealutvikling ved Førde sentralsjukehus.


Verneteneste, tillitsvalde, brukarrepresentantar og kommunerepresentantar vert fortløpande inviterte til å delta i programstyre og prosjekt. Det vert jamnleg informert om arbeidet i møte med tillitsvalde og verneteneste og interne fora elles. Det har vorte gjennomført ny møterunde med kommunane ved regionråda, og utviklingsarbeidet var tema i dialogmøte mellom kommunane og Helse Førde hausten 2016. Føretaket har rekruttert personell med høg prosjektkompetanse som bistår prosjektleiarar, då desse også som hovudregel har leiaroppgåver.

Hovudfokus våren 2017 vert å etablere resterande tenesteutviklingsprosjekt og sikre at desse leverer naudsynnte innspel til forprosjekt Nye Førde sjukehus.

Verksemdsmessig utviklingsplan frå 2015 og rapporten frå faggruppa våren 2016 vert nytta som føringar for arbeidet. I tillegg er Helse- og sjukehusplanen og oppdragsdokument for 2017 viktig å ta omsyn til.

Føretaket har fått ein forverra økonomisk situasjon det siste året, sett i høve til planføresetnadene frå 2014 og 2015. Dette fører til at programmet og dei einskilde prosjekta i endå større grad enn føresett tidlegare, må konkretisere potensiale for omstilling og gevinstrealisering. Som eksempel har prosjektet som skal utvikle døgntilboda av den grunn fått eit omstillingskrav på 25 millionar kroner.











Organisering av programmet



Oversyn over prosjektstatus februar 2016

Det er definert 13 hovudprosjektområde. Fleire av desse vil ha delprosjekt/arbeidsgrupper som arbeider med spesifikke undertema.

Prosjektnamn / Prosjektleiар	Delprosjekt / arbeidsgrupper	Status	Tendens
1. Utvikle døgntilboda Signe Nordvik, Avdelingssjef Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering	Døgntenester Akuttmottak Kompetanse og bemanning Eldrevenleg sjukehus	Prosjekt organisert og i rute med leveransar	↑
2. Lærdal sjukehus – kartlegging Tone Holvik, Stadleg leiar Nordfjord sjukehus		Sluttrapport overlevert programstyret Fase 2 vert planlagt i tilknytning til samarbeidande sjukehus (nr 10, under)	↑

3. Poliklinikk og dagtilbod Kari Anne Indrebø, avdelingssjef dagkirurgi	Infusjonspoliklinikk og dagpost	Prosjekt vert etablert før 15. mars Delprosjekt i rute	
4. Utvikle psykisk helsevern Børge Tvedt, klinikkdirektør phv	Tenester til barn og unge Arbeidsutval Nye Førde sjukehus	Prosjekt organisert og i rute med leveransar	
5. Radiologi og laboratoriefag Børge Stavland, avdelingssjef radiologisk avdeling		Prosjekt under etablering	
6. Kirurgi, anestesi, oppvaking Prosjektlear ikkje klar		Prosjekt vil bli etablert i løpet av mars	
7. Revidere lege og psykologplan - kartlegging Anne Kristin Kleiven, Utviklingsdirektør		Kartleggingsrapport vert levert litt forsinka i løpet av februar.	
8. Prehospitale tenester Helge Robert Midtbø Klinikkdirektør kirurgisk klinikk	Båtambulanse sør	Plan om å etablere hovudprosjekt vil bli etablert våren 2017. Delprosjekt ferdig	
9. Stab og støtte Lars Erik Solend, programstab		Prosjekt under etablering	
10. Samarbeidande sjukehus - Nettverk for god kvalitet og ressursnyting Kristine Longfellow, fagdirektør		Prosjektmandat under arbeid, blir starta opp	
11. Samhandling med kommunane Stig Igland, samhandlingssjef		Oppstart våren 2017	
12. Tenesteinnovasjon i alle delar av utviklingsarbeidet Prosjektlear ikkje klar		Avventar – skal koblast til øvrige prosjekt	

13. Forprosjekt Nye Førde sjukehus	Prosjektleiingsgruppe Brukarkoordinator Logistikk	Prosjektet er organisert og leverer ift plan	
------------------------------------	---	--	--

Nærare opplysningar om igangsette prosjekt og delprosjekt

- **Utvikle døgntilboda**

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

Etablere døgntilbod av høg kvalitet med god pasientoppleving, som ivaretar behov for tverrfagleg tilnærming, gir behandling på rett nivå, har rett kompetanse og kapasitet, gjev god ressursutnytting og tar høgde for store variasjonar i behov innanfor dei ulike fagområda.

Bakgrunnsinformasjon: Prosjektet er det første som vart etablert i programmet. I den første fasen (våren 2016) fokuserte prosjektet på kartlegging. Hausten 2016 vart prosjektet reorganisert, med nytt mandat.

Status: Prosjektet pågår ihht plan. Prosjekt er etablert med arbeidsutval, prosjektgruppe, utvida prosjektgruppe og arbeidsgrupper. Prosjektet har deltaking frå døgnpastane, tillitsvalde og verneteneste, brukarrepresentant, controller, deltaking frå psykisk helsevern og GAT. HR er informert om pågåande arbeid i prosjektet. Prosjektet har anmoda om kommunerepresentant.

Psykisk helsevern

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

- Styrke brukarane si stilling i møte med spesialisthelsetenesta og sjå til at dei får trygge og heilskaplege tenester som kontinuerleg vert utvikla og tilpassa behova deira.
- Gjennom brukarmedverknad og samhandling skal Psykisk helsevern bidra til betre livskvalitet og arbeide for høgare gjennomsnittleg levealder for personar med rusproblem eller alvorlege psykiske lidningar

Status: Prosjektet pågår ihht plan. Hovedaktiviteter er ferdigstilling av definerte strakstiltak, oppstart på nye arbeidstema, kvalitetssikring av framskriving av tal frå konseptfaserapport og detaljering av prosjektplan med hovedvekt på vår 2017.

- **Poliklinikk og dagtilbod – Delprosjekt infusjonspoliklinikk og dagpost**

*Merknad: Hovudprosjekt poliklinikk og dagbehandling er ikkje starta, dette skal skje i løpet av våren.

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

- utgreie organisering, kapasitet og personalbehov for ein felles infusjonspoliklinikk / dagpost ved Førde sentralsjukehus (FSS). Vidare skal prosjektet gi innspel om framtidig arealbehov til forprosjekt for Nye Førde sjukehus.
- Det er og eit mål å undersøke om andre aktivitetar kan handterast av ein infusjonspoliklinikk, som til dømes dialyse- og allergologibehandling, eller overvaking av pasientar etter dagkirurgiske inngrep.

Status: Har gjennomført eit kartleggingsarbeid av infusjonsbehandling og anna aktivitet som kunne passa inn i ein infusjonspoliklinikk og dagpost ved Førde sentralsjukehus.

Resultata vart gjennomgått i eit møte 17. januar og det blir no arbeida vidare med å korleis ei slik eining eventuelt burde organiserast med tanke på personell, areal, utstyr osv.

- **Plan for lege- og psykologtenester – fase 1, kartlegging.**

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

Helse Førde skal som del av utviklingsplan «Pasientens helseteneste» ha ein samla plan for lege/behandlartenester i opptaksområdet fram mot 2030, som er med å gje retning for prioriteringar framover, og på den måten medverkar til at innbyggjarane får fagleg gode og relevante spesialisthelsetenester i pakt med utviklinga i behovet i befolkninga. Tiltaka må kunne realiserast innanfor ei berekraftig kostnadsramme.

Status: Prosjektet er igang med første fase; kartlegging og oppdatering av samla plan for lege- og psykologtenester frå 2015.

For å lage ein samla plan for legar og psykologar, vil det vere behov for å ta stilling til fleire store område som til dømes beredskap, arbeidstid, utdanning og fordeling av oppgåver i Helse Førde og mot Helse Bergen. Ein har av den grunn stilt spørsmål ved om det er hensiktsmessig å ha ein plan tilsvarande planen frå 2013, eller om fleire av problemstillingane må løysast på eit anna nivå. Det er difor uklart korleis fleire av oppgåvene i mandatet kan løysast. Prosjektlear føresler avslutte kartlegginga som er gjort hittil og så avklare arbeidforma for dei spesifikke tema vidare.

- **Lærdal sjukehus – kartlegging av tenester og behov**

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

Kartlegge korvidt tenestene ved Lærdal sjukehus samsvarer med behov og føringar i utviklingsplan «Pasientens helseteneste»

Status: Sluttrapport klar, skal til godkjenning i programstyre 21.02.2017.

- **Forprosjekt Nye Førde sjukehus**

Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte

Hovudmål:

Prosjektet skal utvikle eit forprosjekt for areala ved Nye Førde sjukehus som legg tilrette for framtidig drift av sjukehuset, der ein planlegg fleksible bygg som kan ivareta endringar i behandlingsmetode og kapasitetsbehov. Vidare skal bygningane og uteområde oppgraderast slik at Nye Førde sjukehus blir eit velfungerande sjukehus der tekniske anlegg og bygningskropp har funksjonar som stettar dagens krav til sjukehusbygg innanfor definerte økonomiske rammer.

Status: Forprosjektet er i etableringsfasen. Arbeider med organisering, planlegging av gjennomføring, innkjøp av rådgjevingstenester, bestillingar til utviklingsprosjekta og mandat.

Sykehusbygg er involvert i planlegginga, og forestår innkjøpsarbeidet. Tilboda frå rådgjevargruppene er evaluert og innstilling ligg føre.

Oppstart av og framdrift i verksemdsutviklingsprosjekta er derfor viktige for framdrift i planleggingsarbeida for forprosjektet (bygg).

Kommentarar

Prosjektlearane fortel at det er stort engasjement i dei prosjekt og arbeidsgruppene som er etablerte. På programnivå opplevest arbeidet gjevande, men også komplekst og omfattande. Det er framleis prosjektområde som ikkje er starta opp. Ein reknar med å ha alle på plass innan utgangen av mars. Det føregår mykje førebuaende arbeid, m.a. kartlegging av aktivitetstal i påvente av etablering. Dette grunnlagsmateriellet vil bli overlevert prosjekta. Ei anna utfordring er å sikre forankring og involvering i alle delar av organisasjonen. Vidare vil det bli ei koordinerings- og ressursutfordring å sikre tilstrekkeleg ressursar i alle prosjekta som skal gå samstundes. Programmet har også avhengigheiter mot andre viktige prosjekt, som regionale kliniske IKT – prosjekt som også krev ressursar og koordinering.

Programeigar og leiing må evne å sjå heilskapen og samstundes sikre god framdrift i alle deloppgåvene. Programleiinga, som også er styringsgruppe for prosjekta, har møte annankvar veke. Dette gir høve for hyppige utsjekk/forankring for prosjektlearane.

Det vert ekstra viktig å sikre kontroll på økonomien, m.a. ved å utarbeide realistiske gevinstrealiseringsplanar i prosjekta. Programmet vert kobla mot langtidsbudsjettet.

Ein må vere medvitne grenseoppgang mot linjeansvaret, dette må vere eit kontinuerleg tema i prosjekt og program. Av den grunn er leiarforankring og det å nytte leiarforuma aktivt viktig og ein del av programmet.

Konklusjon

Program pasientens helseteneste – Helse Førde 2030 er inne i ein hektisk periode der det er fleire store prosjekt som pågår samstundes, og nye som blir etablerte. Samstundes skal den daglege drifta halde fram.

Dette er å sjå som ei løypemelding til styret.